HJELMELAND KOMMUNE
Fullmaktsvedtak

SAKSGANG		
Saksnr.	**Utval**	**Møtedato**
399/10	Delegerte areal- og forvaltningssaker	09.12.2010

Arkivkode	Sakshandsamar	Arkivsak/j.post
59/63	Ingeborg Westersjø	10/1261 10/15866

SØKNAD UTAN ANSVARSRETT - OPPFØRING AV KALDT LAGER - 59/63

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	28.09.2010	Anders Sørum	UTTALE FRÅ TEKNISK
1	I	01.10.2010	Spar Hjelmeland	59/63 - KALDT LAGER
3	U	28.10.2010	Spar Hjelmeland	TILBAKEMELDING - KALDT LAGER -TILTAK UTAN ANSVARSRETT - 59/63
4	I	15.11.2010	Spar Hjelmeland	59/63 - NABOVARSEL - TEIKNINGAR

Fakta:
Spar Hjelmeland ved Johannes Kvame har den 12.10.2010 levert søknad om tiltak utan ansvarsrett for tilbygg til Spar-butikken Hjelmeland på gnr 59 bnr 63. Søknaden var klar til behandling 23.11.2010

Det er søkt om oppføring av nytt tilbygg i ein etasje med eit bebygd areal på 50 m^2. Området skal gravast ut og det skal støypast ein mur i bakkant og mot nabo. Det skal vere eit kaldt lager med mønehøgde 4,8m. Taket skal ha same konstruksjon som lager på eksisterande butikk. Innsendt situasjonskart syner avstand til nabogrense på 4 m.

Søknaden er noko mangelfull då det er ikkje oppgitt bebygd areal for heile bygget og innleverte planteikning ser ikkje ut til å vere oppdatert i tråd med dei tilbygg som er gjort tidlegare. Ved ev saker seinare bør difor ajourførte planteikningar av heile bygget leverast så kommunens arkiv blir à jour. I matrikkelen er bygget oppført med bruksareal på 639 kvm. Med eit tilbygg på 50kvm, blir då totalt bruksareal 589kvm.

Mot grensa til 59/41 ligg kommunal vatn- og avlaupsledning som kan medføre ei konflikt i høve til tilbygget. Det har vore møte mellom tiltakshavar, Br Jørmeland og teknisk seksjon i kommunen der ein har vorte einig om koss ein skal løysa dette forholdet.

Naboar er varsla og har ingen merknader.

Lover, føresegner, rundskriv:
Plan- og bygningslova
Byggesaksforskrift (SAK10)

Byggteknisk forskrift (TEK10)

Gjeldande planar, retningsliner og vedtak:
Reguleringsplan "Prestegarden I", R41, vedtatt i kommunestyret 11.07.1977.

Vurdering og konklusjon:
Søknaden blir vurdert etter § 20-2 bokstav a i plan- og bygningslova, samt forskrifter til denne.

Tiltaket er i samsvar med føresegnene i gjeldande kommuneplan for området.

Vilkår for tiltaket er at muren blir utført i tråd med det som er avtala med teknisk seksjon i kommunen.

Ein føreset at berande konstruksjonar vert dimensjonert og vurdert etter NS 3470 prosjektering av trekonstruksjonar og NS 3479 prosjektering av trekonstruksjonar dimensjonerande laster.

Tiltakshavar er innforstått med at han er ansvarleg for at tiltaket vert gjennomført i samsvar med føresegner i plan- og bygningslova.

Tiltak som trenger godkjenning etter plan- og bygningslovas § 20-2 tillates ikkje tatt i bruk før midlertidigbruksløyve eller ferdigattest i medhald av plan- og bygningslovas § 21-10 er gitt.

Kommunen har elles ingen merknader til tiltaket.

Vedtak:
Det vert gitt løyve som omsøkt etter § 20-2 bokstav 1 i plan- og bygnignslova for oppføring av tilbygg til Spar-butikken på Hjelmeland, gnr 59 bnr 63.

Vilkår for tiltaket:

- Muren skal oppførast i tråd med det som er avtala med teknisk seksjon i kommunen.

Tilbygget kan ikkje takast i bruk før ferdigattest/mellombels bruksløyve er gitt. Det visast for øvrig til § 32-8 bokstav d, jf § 32-9 i plan- og bygningslova at bruk av byggverk utan ferdigattest/ mellombelsbruksløyve er straffbart med bøter.

Arbeida skal utførast i samsvar med innsendte teikningar, byggeforskriftene og gjeldande lovar og reglar.

Dette løyvet er gyldig i tre år frå den dagen vedtaket er gjort jf. § 21-9 i plan- og bygningslova.

Seinast fire veker etter at tiltaket er ferdig skal tiltakshavar/søkjar sende inn søknad om ferdigattest for tiltaket, jf 21-10 i plan- og bygningslova. Tiltaket skal òg registrerast i nasjonalt register (Matrikkelen).

…

Hjelmeland den 15.12.10

Haldis Karine Nilsen
Kommunesjef Bygdeutvikling

Ingeborg Westersjø
Saksbehandlar

Kopi til:

Spar Hjelmeland	v/ Johannes Kvame	4130	HJELMELAND
Anders Sørum			

Klagerett
De har rett til å klage over vedtaket

Kven du kan klage til
De kan klage til klageorganet som for dette vedtaket er Fylkesmannen i Rogaland.
Klagen skal likevel først sendast til Hjelmeland kommune som kan endre vedtaket sitt som følgje av klaga, eller senda klaga vidare til klageorganet for avgjerd.

Klagefrist
Klagefristen er 3 – tre- veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen er ute. Dersom de klagar så seint at det kan være tvil om klagefristen er halden, ber me Dykk gi beskjed om når De mottok denne meldinga. Dersom klaga blir sendt for seint, er det høve til å sjå bort frå ho. Har De særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få klagefristen utsett. De bør i så fall nemne kvifor klaga kjem for seint.

Innhaldet i klaga
I klaga skal De skriva kva for eit vedtak De klagar på, og nemne den eller dei endringar som De ønskjer. De bør grunngi kvifor De klagar og ta med mulege andre opplysningar som kan telje med. Klaga må underskrivast

Partane sin rett til å krevje grunngjeving
Dersom De ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet De får grunngjevinga.

Rett til å krevje rettleiing og nærare opplysningar
Det forvaltningsorganet som har sendt denne, skal dersom De ber om det, gi nærare rettleiing om klagerett, korleis De går fram ved klage og opplysningar om:

- Høvet til å gjera seg kjend med saksdokumenta så langt forvaltningslova gir heimel for dette.
- Høvet til å få tildømt sakskostnader etter § 36 i forvaltningslova.
- Høvet til å søkja gjennomføringa av vedtaket utsett, om iverksetjinga av vedtaket kan tenkjast å verta til skade for klagaren før avgjerda i klagesaka.
- Høvet til å søkja fritt rettsråd, muleg også fri sakførsle.